Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Mo

Emne: Joletre og jolehalm Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eigi röynsl og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): etter andre gamle folk som var f. oml. 1830-45.

SVAR

1. No er det ålment å hava joletre.

2. I Kyrkjebö skulekrins vart det brukt for fyrste gong i 1898. På Åmdalsverk vart det brukt litt før.

3. Frå det fyrste vart det brukt berre i skulestovone til fest for borni. Litt etter kvart kom det til bruk i heimane, og no er det visst brukt i kvar stove. [Har ikkje höyrt

4. noko om serskild pynting av stova til jol, anna enn at det skulde vaskast og gjerast reint over alt. Halmkrunor vart gjorde, men ikkje berre til jol. Pyntepapir var ikkje å få kjöpt i gamal tid, men no vert det brukt til pynt på lampor, blomepottor, hyllor og bord m. m.

5. Ein pyntar stova på same måten, om ein har joletre.

4246

6. Storleiken på joletreet rettar seg etter högda og storleiken på romet. I skulestova brukar dei det so stort at det går upp til taket. I stovone er det mindre.

7. Juletreet er pynta med farga papir-remsor, kjöpstas, små papir-korger og ljos. Ljos må det vera og so ein fin topp ein spir eller ei blank stjerne.

8. Både vaksne og born pyntar treet der det er born; er det ikkje det, gjer dei vaksne det, helst kvinnone; men karane kan og vera med

9. Er det stort, står det i ein kross på golvet; er det lite, står det helst i ein liten kross på bordet.

10. I heimane tendrar dei ljosi om jolaftan, jolekvelden, andagskvelden, nyårshelgi og gjerne ogso 12te eftaen (5te jan.).

11. Som regel gar dei rundt treet og syng jolesalmone, gud signe Noregs Land, fedrelandssalmen og fleir, helst gudlege songar. Det er nok ikkje likt i alle heimar.

12. Som regel over trettan-helgi.

13. Borni får hausta treet fyrste kvelden. Me seier hausta; plyndre får dei ikkje lov til i ein skikkeleg heim.

14. Her vert brùka berre gran.

Spursmåli 15, 16, 1, 2, 3 og 4 hev eg ikkje höyrt om og kan soleis ikkje svara på dei.

4246
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING